

**Notat**Dato: 05.10.2018  
Arkivsak: 2017/14135-34  
Saksbehandlar: heilars

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Svar på oversendingsforslag frå fylkestinget - tillegg av tema i Temaplan for landbruk**

I møteboka frå fylkestinget 12.06.18 er det under sak *PS 50/18 Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 etter høyring*, teke inn forslag frå Gustav Bahus, Frp. Bahus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagsstillaren utan realitetsbehandling. Forslaga frå Gustav Bahus, Frp, er kommentert i tabellen under.

<b>Tema</b>	<b>Forslag frå Gustav Bahus</b>	<b>Kommentar</b>
Urbant landbruk	I Hordaland har forskjellige planverk sett strenge rammer for arealbruk samtidig som jordvern i regionsentra er svekka. Difor vil det vera nyttig å inkludera urbant landbruk i planen.	Urbant landbruk blir diskutert på side 24 i temaplanen og inngår i innsatsområde: «Leggje til rette for urbane landbruksaktivitetar som kan bidra positivt til omdømebygging for landbruksnæringa.»
Plast	Temaplanen må leggja større vekt på miljøproblema plast og mikroplast skaper i husdyrhaldet.	Ved rullering av temaplan for landbruk bør plast og mikroplast inkluderast som tema.
Generasjonsskifte	Temaplanen må understreka vanskane dei nye reglane om ikkje å få byggja hus nr 2 på garden utgjer for å halda drift på garden ved generasjonsskifte.	Temaplanen diskuterer ulike problemstillinga knytt til generasjons- og eigarskiftet på side 27.
Skog	Temaplanen seier svært lite eller ingenting om satsing på skogbruk og hogst av hogstmoden skog særleg på vestlandet. Det er inga beskriving av den naudsynte satsinga på infrastruktur som skogsbilvegar, velteplassar, utskipningskaiar og tilknytning til offentleg vegnett. Planen må ta opp i seg utfordringane KIP-kjøyring og mangelen på flaskehalsutbetringar gjer for skogbruksnæringa	Temaplanen diskuterer ulike problemstillingar knytt til skogbruk på side 20, 21 og 22. Vidare inngår skog i innsatsområda: «Medverke til tiltak som aukar berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog, samt auka bruk av trevirke.», «Bidra til å styrke kompetanse og skape auka interesse for fornying

	<p>og miljøet. Sitkagrana har vore ein viktig ressurs i norsk skogbruk og byggeverksemd i etterkrigsåra. Den står òg for ein stor del av naturleg co2-fangst, men grana kan vera ein trugsel mot biologisk mangfald, spesielt rik lauvskog, som også er naturleg for våre områder. Dette bør bli omtalt i planen der ein diskuterer skogbruk.</p>	<p>og skjøtsel av skogen.» og «Bidra til å heve kompetanse innan trebyggeri og legge til rette for meir trebasert industri i Hordaland.»</p>
Bydgenæring og lokalmatproduksjon	<p>Temaplanen må leggja større vekt på alternativ- og tilleggsdrift som til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Inn på tunet</li> <li>-Gardsmatsal/butikk</li> <li>-Natur og jakt/fiske-opplevingar</li> <li>-Generell utleigeverksemd</li> </ul>	<p>Bydgenæring og lokalprodusert mat blir diskutert på side 23 i temaplanen og er inkludert i temaet «Auka lønsemd i noverande produksjonar». Bydgenæring og lokalprodusert mat inngår i innsatsområda: «Følgje opp Regional matstrategi og tiltak forankra i UNESCO Creative City of Gastronomy med særleg fokus på auka lokal matproduksjon i relasjon til kultursektor, marin sektor og opplevingsbasert reiseliv.» og «Bidra til å styrke Inn på Tunet gardane i Hordaland.» Auke i talet på landbruksverksemd er ein av indikatorane under temaet auke i nåverande produksjonar.</p>
Dyrevelferd	<p>Temaplanen må styrkjast med eit eige kapittel om dyrevelferd.</p>	<p>Eige kapittel om dyrevelferd kan bli vurdert ved rullering av temaplanen.</p>
Klima	<p>Det er positivt at klimarekneskap er med i temaplanen.</p>	<p>Takast til orientering</p>